# Meland kommune

NGIB Brannførebyggjande avdeling
Ikenberget 14-16
5911 ALVERSUND

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | 19.03.2015 |
| Dykkar: | Irene Hystad Hugaas | |
| Vår: 14/2775 - 15/5574 | irene.hystad.hugaas@meland.kommune.no | |

## Tilbakemelding etter tilsyn Grasdal skule 18.03,2015

Det vart halde branntilsyn og tilsyn på elektrisk anlegg ved Grasdal skule tysdag 18.mars 2015. Det var hovudvekt på det elektriske og oppfølging av merknader og avvik frå førre tilsyn 03.11.14. Eg viser til rapport datert 19.05.2014 og tilbakemelding på denne rapporten sendt av rektor 03.07.2014.

**Oppdatert handlingsplan:**

| Avvik / Merknad | Tiltak | Ansvar | Frist |
|---|---|---|---|
| **Rømningsvegane er ikkje tilfredsstillande** Ikkje tilfredstillande breidde/kapasitet i gymsal ved arrangement over 180 personar. | Har fått vurdering av Artec for rømningsveg og kapasitet for forsamlingslokale. Rektor lagar eit oppslag til rommet og ny instruks til utleige i samarbeid med teknisk avdeling. Det må presiserast til leigetakar at auka vakthald og tilrettelegging ikkje er tilfredsstillande tiltak for å auke antal personar i forsamlingslokalet. | Rektor/ Erik Knag Johannesen | April 2015 |
| | -Oppgradere vegger og himling i rømningsvegar til ein brannmotstand tilsvarande In1. -Utstyre utgangsdører med panikkbeslag. | Drift og vedlikehald | April 2015 Vurdert til byggeperiode |
| | Sikre at alle rømningsvegar alltid vert halde ryddig og ikkje vert nytta til lagerformål. | Rektor | Kontinuer-leg |
| **Merknad Brannvarslingssystemet** Linjebasert anlegg utan tilknytning til 110 sentral | Vurdere oppgradering og fornying til automatisk brannvarslingsanlegg med alarmoverføring til brannvesenet i samband med byggeplanarbeid våren 2015 for ombygging og tilbygg til skulen . | skuleeigar | Planarbeid våren 2015 ferdig-stilling august 2016 |

Vi vil i denne samanhengen orientere om byggeplanane ved Grasdal skule. Det vert planlagt eit tilbygg på 450 m2 og delvis ombygging av eksisterande areal , som skal ferdigstillast til august 2016. Teikningar er ikkje ferdige, men mest sannsynleg vert skulen eit samanhengande bygg, der paviljongen vert bygd inn i tilbygget.

Med helsing

Irene Hystad Hugaas
rektor

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**
Erik Knag Johannesen
Stian Haukeland, verneombod
Øivind Buen, avdeling for drift og vedlikehald
Arild Hestdal, vaktmeister

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| NGIB Brannførebyggjande avdeling | Ikenberget 14-16 | 5911 | ALVERSUND |